



Lærdal kommune

Arbeidsmiljøutvalet

MØTEPROTOKOLL

Møtedato: 26.05.2026

Møtetid: Kl. 13:00 - 15:00

Møtestad: Lærdal rådhus

Saksnr.:

Følgjande medlem møtte	Parti
Arnhild Nygard Thune	
Camilla Grøttebø	
Edel Margrethe Ørbeck Mo	
Gunn Lerøy	
Lynn Merete Vingmann Norum	
Marianne Voldum	
Adrian Banasiak	

Forfall meldt frå følgjande medl	Følgjande varamedlem møtte
Magne Klepp	Harald Stadheim

Klikk eller trykk her for å skrive inn tekst.

Møteleiar:	Edel Ørbeck Mo
Frå adm. møtte:	Torill Kaldestad – fagleiar personal

Merknader:

Avonova ved Siri Kongsvik deltok i møtet via Teams.

Magne Klepp meldte forfall, Harald Stadheim møtte som vara.

Underskrift:

Saksliste

Sak nr	Sakstittel	Gradering
PS-008/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS-009/26	Godkjenning av Møteprotokoll	
PS-010/26	Orientering, meldingar og skriv	

008/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Leiar si tilråding:

Innkalling og sakliste vert godkjend

26.05.2026 Arbeidsmiljøutvalet

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

AMU - 008/26 Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjend

009/26 Godkjenning av Møteprotokoll

Leiar si tilråding:

Møteprotokoll vert godkjend

26.05.2026 Arbeidsmiljøutvalet

Røysting:

Tilrådinga vart samrøystes vedteken.

AMU - 009/26 Vedtak

Møteprotokoll vert godkjend.

010/26 Orientering, meldingar og skriv

Tilråding:

Arbeidsmiljøutvalet tek informasjonen til vitande.

26.05.2026 Arbeidsmiljøutvalet

Informasjon frå kommunedirektør

Årsrapport og tertialrapport er handsama i kommunestyret. Årsrapporten viser eit resultat godt over måltalet, og det er sett av 24 millionar kroner til dispensasjonsfondet. Samstundes har 2025 vore eit krevjande år, med brann, prosessen rundt Lærdal sjukehus og eit høgt sjukefråvær.

Tertialrapporten viser eit godt økonomisk resultat, i hovudsak grunna høge kraftprisar. Det er også registrert ein tydeleg nedgang i sjukefråværet.

Det vert avklart natt til fredag om det vert streik.

Avvik hittil i år

Fagleiar personal orientera om avvik hittil i år.

Sjukefråvær hittil i år

Fagleiar personal orientera om sjukefråvær hittil i år.

Det vart diskutert korleis me kan få opp bruken av eigenmelding, då ein ser at me fortsatt ligg lågt her samanlikna med t.d. Aurland.

Vernerundar 2026

HVO og fagleiar personal fremjar forslag om å endre praksis og ta i bruk 10-faktor sin HMS-undersøking framover. Bakgrunnen er at det er vanskeleg å få gode og konkrete tilbakemeldingar slik dagens opplegg er utforma. Etter evaluering av ny framgangsmåte er det vurdert at gjeldande praksis ikkje i tilstrekkeleg grad legg til rette for ei god kartlegging av det psykososiale arbeidsmiljøet.

Kommunedirektøren vil ta saka opp i leiargruppa, då dette er ei strategisk avgjerd som krev grundigare vurdering og meir tid.

Det vert foreslått å invitere Jan Skeistrand til AMU 3 for å gje ei oppsummering av resultata frå den fysiske vernerunden. Oppsummeringa frå gjennomført vernerunde for psykososiale tilhøve skal òg leggjast fram for AMU.

Orientering frå Avonova

Det vart orientert om ny kontaktperson i Avonova, Jon Opsal. Siri Kongsvik deltok i hans fråvær.

Samarbeidsplanane vart gjennomgått.

Ymse

- Samarbeidsplan for administrasjon må komme på plass
 - Kommunedirektør får stå som kontaktperson inntil vidare

AMU - 010/26 Vedtak

Arbeidsmiljøutvalet tek informasjonen til vitande.